

**To frå Uskedalen i judo-NM**

14.05.2007

**To frå Uskedalen var i helga med i NM i judo i Mjøndalen. Dei oppnådde ikkje plassering, men viste framgang frå meisterskapet i fjor og hadde fleire gode kampar melder Trygve B. Torbusen som leiar judogjengen.**

Dei to var Knut Gilberto Sæbø (U17-60 kilo) og Kjartan Bauge (U20-81 kilo).

Rosendal Turnlag fekk to bronsemedaljar – dei gjekk til Elisabeth Jørgensen og Marius Lamberg Torjusen.

Elisabeth leverte fleire gode kampar og var den einaste i klassen som fekk inn ein scoring på klassevinnaren

Ho har utvikla sin judo og er no mykje meir balansert og bevegeleg i kampane,

Marius Lamberg Torjusen skulle ha delteke i klassen under 81 kilo, men denne vart slege samen med tyngste klasse på grunn av få deltakarar. I siste kampen vart han skada og måtte trekkja seg frå juniorklassen.